



**Kommunestyret**

Vår sakshandsamar: Elin Molven Wilhelmsen

Dykkar ref.:  
Vår ref: 2014/316  
Vår dato: 20.04.2015

## **Partsbrev PS 19/15 - Kontrollrapport 2014 vedkommende skatteoppkrevjar- funksjonen i Bømlo kommune**

Sekretariatet ber om at kontrollutvalet sitt vedtak i sak 19/15 saman med saksframlegg og vedlegg vert lagt fram for kommunestyret.

Med helsing

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Elin Molven Wilhelmsen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi til:  
Ordførar  
Rådmann  
Bømlo kommune  
Utvalseiar  
Deloitte AS

Arkivsak: 232  
Arkivnr: 2014/316-11  
Sakshandsamar: Elin Molven Wilhelmsen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Bømlo kommune	19/15	15.04.2015

### Kontrollrapport 2014 vedkommende skatteoppkrevjarfunksjonen i Bømlo kommune

#### Samandrag

Viser til utdrag frå brev av 21.2.2005, frå Skattedirektoratet:

*"Kommunenenes behandling av skatteregnskapene etter at kontroll og revisjon er overtatt av staten.*

- *Staten er nå gitt det totale ansvaret for kontroll og revisjon med skatteoppkreverfunksjonen. Riksrevisjonen har ansvaret for den formelle revisjonen av skatteregnskapet, mens oppfølgingen av den interne kontroll hos skatteoppkrever, utføres av regionale kontrollenheter lokalisert ved fem skattefogdkontor. Det er i denne forbindelse stilt spørsmål vedrørende kommunens behandling av skatteregnskapet.*

*Kommunestyret/kontrollutvalget skal etter det som er sagt over ikke lenger behandle selve skatteregnskapet, men får ved kontrollrapporten en tilbakemelding på om skatteoppkreverfunksjonen blir utført på en tilfredsstillende måte. Rapporten inneholder også eventuelle forslag til tiltak og forbedringspunkter. Skattedirektoratet stiller ingen krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret/kontrollutvalget, men forutsetter at kommunen følger opp eventuelle tiltak og forbedringspunkter. Skattedirektoratet anser det likevel som naturlig at skatteoppkrever oversender skatteregnskapet og kopi av sin halvårlige redegjørelse til kommunestyret/kontrollutvalget."*

Skattedirektoratet har vidare i brev dagsett 2.5.07 svara dette på førespurnad frå Kontrollutvalgssekretariat Nordmøre når det gjeld kontrollutvalget sin innsynsrett og tilsynsrolle knytt til skatteoppkrevjarfunksjonen:

*"Ut i fra en vurdering av de aktuelle hjemler mener Skattedirektoratet at kontrollutvalget kan kreve å få seg forelagt nøkkeltall som vist i vedlagte skjema fra skatteregnskapet. Til tross for at kontrollutvalget ikke har instruksjonsmyndighet over skatteoppkreverne bør kontrollutvalget ha adgang til å bemerke forhold vedrørende samlede restanser og arbeidsgiverkontroll så lenge dette er et ledd i utvalgets arbeid med kontroll av revisjon og den økonomiske forvaltning i kommunen og fylkeskommunen."*

Kommunal- og regionaldepartementet har i brev dagsett 1.6.07 til Kontrollutvalgssekretariat Nordmøre kommentert skattedirektoratet sin uttale på denne måten:

*"Departementet har gått gjennom Skattedirektoratets vurdering av spørsmålene. Vi slutter oss til Skattedirektoratets vurdering og avklaring av de konkrete spørsmålene som er reist. 1.6.07 til Kontrollutvalgssekretariat Nordmøre."*

#### Drøfting:

Kontrollrapporten frå Skatteetaten gjer, etter det som går fram av brevet frå skattedirektoratet nemnt ovanfor, attendemelding til kommunen på korleis skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen fungerer. Rapporten kan difor betraktas som ein "gratis" forvaltningsrevisjon og såleis hjelpe kontrollutvalet med å "...føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret", jf Forskrift om Kontrollutvalg § 4. Det vil difor vera naturleg at kontrollutvalet gjev ein uttale til kontrollrapporten frå Skatteetaten.

Kontrollrapporten frå Skatteetaten, som er omtala ovanfor, har vi fått tilsendt som kopi frå skatteetaten. Rapport frå stadlege kontrollar og Årsrapport 2014 frå skatteoppkrevjar, samt tilsvaer på desse til skatteetaten, har vi fått frå skatteoppkrevjar. Alle dokumenta ligg ved som eigne vedlegg.

Kontrollrapporten frå Skatteetaten konkluderer med at skatteoppkrevjarfunksjonen i Bømlo kommune for 2014 i det alt vesentlige vert utført på ein tilfredsstillande måte og i samsvar med gjeldande regelverk.

Me er kjent med at Skatteetaten har føretatt ein stadleg kontroll som er datert 23.7.2014, av skatteoppkrevjarfunksjonen i Bømlo kommune. Det er ikkje gjeve nye pålegg eller tilrådingar ved gjennomførte kontorkontrollar, men Skatteetaten skriv at ikkje alle pålegg og tilrådingar gitt i rapport av 19. april 2012 er etterkomne:

*«Tilråding om midlertidig unntak frå innkrevjing der skatteoppkrevjar er meir restriktiv med bruken av tiltaket og at bruken er i samsvar med retningslinene. Vidare blei det gitt tilråding om at skatteoppkrevjar får rutinar om dette. Ved kontrollen i år fann vi at tilrådinga er delvis etterkomen. Skatteoppkrevjar brukar no tiltaket i tråd med retningslinene, men det manglar framleis rutinar for området. Tilrådinga gjenteke som eit pålegg i punkt 4.1.2...(Rutineskildringar)».*

Skatteoppkrevjar svarer attende på rapporten til Skatteetaten etter stadleg kontroll til Skatteetaten i brev av 23.7.2014:

*«Når det gjeld arbeidssituasjonen ved kontoret det siste året, har vi vore i ein vanskelig situasjon grunna alvorleg sjukdom. Heile hausten 2013 og fram til februar 2014 var kontoret kun bemanna ved underteikna. Det blei ikkje sett inn vikar; denne vurderinga gjorde vi ut frå at det tar lang tid å lære opp ein vikar for nokre månader. Frå medio september håper vi å vere tilbake i ein meir normal arbeidssituasjon og vil prioritere pålegg og tilrådingar i rapporten. Vi har som mål å klare dette innan utgangen av oktober 2014».*

Skatteetaten takkar for snar tilbakemelding, i brev datert 12.9.2014, og skriv at dei ser at deira kommentarar vil bli etterkomne.

#### Konklusjon:

På bakgrunn av det som går fram over, vil sekretariatet tilrå at kontrollutvalet tar kontrollrapporten frå skatteetaten til orientering.

Kontrollrapporten frå Skatteetaten konkluderer med at skatteoppkrevjarfunksjonen i Bømlo kommune for 2014 i det alt vesentlige vert utført på ein tilfredsstillande måte og i samsvar med gjeldande regelverk.

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Bømlo kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført i samsvar med gjeldande regelverk.
2. Bømlo kommune sin skatterekneskap og kontrollrapport 2014 frå Skatteetaten vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

## Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 15.04.2015

### Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjekk gjennom saka. Kontrollutvalet er uroa over at det har vore stor arbeidsbelastning på avdelinga, grunna sjukdom.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak:

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Bømlo kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført i samsvar med gjeldande regelverk.
2. Bømlo kommune sin skatterekneskap og kontrollrapport 2014 frå Skatteetaten vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Elin Molven Wilhelmsen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Årsrapport 2014. Skatteoppkrevjaren i Bømlo kommune
- 2 Frå Skatteetaten - Kontrollrapport 2014 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen for Bømlo kommune
- 3 Stadleg kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen i Bømlo kommune
- 4 Årsrekneskap for 1219 Bømlo kommune for rekneskapsåret 2014 - Avlagt etter kontantprinsippet